



Even Andreas Olsvoll  
Gaustad 32  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7814 - 20/17261

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
31.03.2020

## Svar på førespurnad om fritak - gbnr 339/45

Viser til førehandsvarsel av 03.10.2019 frå tidlegare Meland kommune med krav om tilknytning til kommunalt vassverk og til dykkar tilbakemelding av 15.10.2019 og epost av 27.03.2020.

De søkjer om fritak frå tilknytning med den grunngjevinga at det vil bli ei uforholdsmessig stor kostnad for dykk.

Det skal vedtas ei sak i Alver kommune sitt kommunestyre om kva beløpsgrense kommunen finn pårekeleg for tilkobling og dermed kva som vil vere uforholdsmessig. På grunn av situasjonen som er oppstått i samband med koronaviruset, er alle politiske møte avlyst på ubestemt tid.

Når saka har vore oppe til politisk behandling i kommunestyret, kan vi ta stilling til dykkar søknad om fritak. Inntil det skjer, må vi leggje saka i bero.

Så snart vi har motteke protokoll med vedtak frå kommunestyret om kva beløpsgrense som skal vere førande, vil vi behandle førespurnaden dykkar.

Med helsing

Astrid Riise  
rådgjevar  
Miljø og tilsyn

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Even Andreas Olsvoll  
Renate Kristin Danielsen

Gaustad 32  
Gaustad 32

5919  
5919

FREKHAUG  
FREKHAUG